

Økonomiplan 2027 – 2029 og årsbudsjett 2026

Framlegg frå formannskapet
05.11.2025



Fyresdal

Sidetilvising

Innleiing	3
Premisser i budsjett og økonomiplan 2026 – 2029	4
Økonomiske endringar i finansområdet for 2026	5
Økonomisk oversikt etter art – drift 2026 – 2029	5
Stab og økonomi	7
Hovudoppgåver	7
Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2026	7
Helse og omsorg	8
Hovudoppgåver	8
Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2026	10
Kultur og oppvekst	11
Hovudoppgåver	11
Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2026	13
Betalingsssatsar	13
Plan og teknikk	16
Hovudoppgåver	16
Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2026	19
Betalingsssatsar	19
Investeringar	28
Gjeldsoversikt	29

Innleiing

Budsjett og økonomiplan for perioden 2026 til 2029 ber preg av at vi er i ventemodus på avklaringar rundt etablering av datasenter på Molandsmoen. Det betyr at ein vidarefører dei 5 millionane som kommunestyret løyvde i drift i 2025 budsjettet.

I heile økonomiplanperioden er det rom for nokre investeringar. Dei store satsingane vil vere bustadutvikling på 1. byggetrinn av Århusjordet og på Skogtun. Både desse stadene er planen å bygge leilegheiter for utleige. I tillegg er det behov for at det blir avsett midlar til investering på området digitalisering, vedlikehald av kommunale vegar og kommunale bilar til heimetenesta. Dette viser vilje til å skape vekst for å ivareta og utvikle lokalsamfunnet.

Fyresdal kommune har lav gjeldsgrad. Det er positivt for driftsbudsjettet da auke eller reduksjon i rentenivået får lite konsekvensar i driftsbudsjetta.

Samanlikna med andre kommunar viser KOSTRA tall at Fyresdal har høge driftsutgifter.

Prognosane for 2025 er at kommunen vil få eit meirforbruk på 3-4 millionar på drifta. Men auke i kommunen sine skatte- og kraftverksinntekter vil redde resultatet nok ein gong. Meirforbruket i 2025 kjem sjølv om kommunestyret løyvde 5 millionar ekstra.

Sjølv om Fyresdal har god økonomi og da ein stabil drift, er der framover behov for omstilling i alle sektorar. Dette handlar ikkje om pengar, men om kompetanse og digitalisering. Eit utsegn er at vi går tom for folk før vi går tomme for pengar. Med dette meiner ein at vi vil slite med å få tak i folk med den kompetansen vi treng for å klare å oppretthalde tenestene på same nivå som i dag.

Overføringane frå staten og skatteinntekter er budsjettera med ein auke på 5 millionar i 2026. Dette gjev sektorane full kompensasjon for løns og prisvekst i årets budsjett.

Fyresdal kommune har hatt ein folkevekst. Ved siste offisielle teljing har befolkninga auka til 1271. Dette er svært positivt og er med på å nå det eine av vekstmåla som kommunen har. Det andre vekstmålet er vekst i næringsliv og arbeidsplassar. Dei siste åra har det vore jobba godt med etablering av ny industri og arbeidsplassar på Molandsmoen. Området er nå ferdig regulert til å etablere eit datasenter, og Myldr AS har forhandla fram ei avtale med ein aktør. Ei slik etablering av datasenter er ei lang og krevjande prosess. Denne prosessen ser nå ut til å gå mot slutten, og ein har tru på at endeleg avgjerd vil bli tatt i slutten av 2025 eller i starten av 2026.

Fyresdal kommune har starta prosessen med å rullere kommuneplanens arealdel. Planen er å slutføre dette arbeidet i løpet av 2026.

Tredje sesong av Tretoppvegen har også vore ein suksess sjølv om det har vore ein nedgang i besøkstala. Næringsliv og kommunen har jobba godt saman for å utvikle denne turismesatsinga.

Bygdevekstavtala for Vest-Telemark er eit felles løft for å styrke busetjing, næringsutvikling og kompetanse i regionen. Gjennom handlingsplanar vedtekne i alle kommunestyra blir det sett i verk konkrete tiltak for fleire eigna bustader, fleire arbeidsplassar i privat sektor og meir kompetanse innan helse og oppvekst. Arbeidet er forankra i breitt samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og staten, og er eit viktig verkemiddel for å møte utfordringar i framtida i distrikta. Arbeidet blir organisert av Vest-Telemarkrådet. Kommunane bidreg med verdifulle menneskelege ressursar i bygdevekstarbeidet, og innsatsen skal bidra til å styrke den enkelte kommune si utviklingsevne på sikt. Tilsette frå ulike sektorar deltek aktivt i arbeidsgrupper og ressursgrupper, og bidreg med fagkompetanse, lokalkunnskap og gjennomføringsevne i tett samarbeid med Husbanken, Telemark fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, NAV Vest-Telemark, Vest-Telemark vidaregåande skule, Distriktssenteret, utdanningsorganisasjonar i Telemark mfl.. Vest-Telemark-kommunane er éin av ti pilotar spreidd over heile landet og det blir spennande å sjå korleis vi i Fyresdal kan dra nytte av det regionale arbeidet inn i vårt arbeid lokalt

Premisser i budsjett og økonomiplan 2026 – 2029

- Driftsnivået skal vere innafor dei rammer kommunestyret har fastsett.
- Sektorane skal sikre god nok kvalitet på tenestene.
- Det gjennomførast ein innbyggjarundersøking på kommunenivå
- Sektorane skal sikre samhandling på tvers.
- Utvikling av tenestene skal skje ved at ein etablerer innovative prosjekt som får ekstern finansiering.
- Nasjonale tilskotsordningar skal nyttast som finansiering i tenestekområda.
- Utvikling og omstilling av tenestene i sektorane skal skje kontinuerleg innafor eigne rammer, og kan skje innafor eit eller fleire av driftsåra i økonomiplanperioden.

Felles overordna mål

- Legge til rette for god innbyggjarmedverknad og kunnskapsbasert informasjonsarbeid.
- Nytte dei menneskelege, naturgitte og økonomiske ressursane i møte med framtidens behov.
- Bygge eit godt omdømme i alle delar av organisasjonen.
- Profesjonalitet i leiarskap og medarbeidarskap skal vere ein styrande faktor for dei kommunale tenestene.
- Førebyggjande og tverrsektorielt arbeid skal vere i fokus.

Økonomiske endringer i finansområdet for 2026

Tekst	Utgift	Inntekt
Konsesjonskraftinntekter		1 400 000,-
Konsesjonsavgifter		1 900 000,-
Rammetilskot		2 500 000,-
Skatteinnngang		2 500 000,-
Overført investering	2 200 000,-	
Næringsfond	500 000,-	500 000,-
Samfunnsutviklingsfond	1 500 000,-	
Avsett fond	-5 400 000,-	
Totalt	-1 200 000	8 800 000

Økonomisk oversikt etter art – drift 2026 – 2029

Budsjett	2026	2027	2028	2029	2025	2024
DRIFTSINNEKTER						
Rammetilskot frå staten	82 416	82 416	82 416	82 416	79 916	76 235
Inntekts- og formueskatt	41 221	41 221	41 221	41 221	38 721	40 130
Eigedomsskatt	10 387	10 387	10 387	10 387	10 387	10 572
Andre skatteinntekter	13 819	13 819	13 819	13 819	11 919	13 006
Andre overføringer og tilskot frå staten	10 273	10 273	10 273	10 273	10 273	18 457
Overføringer og tilskot frå andre	14 780	14 780	14 780	14 780	15 280	31 427
Brukarbetalingar	5 646	5 646	5 646	5 646	5 646	7 454
Sals- og leigeinntekter	44 160	44 160	44 160	44 160	43 210	50 458
SUM DRIFTSINNEKTER	222 702	222 702	222 702	222 702	215 352	247 739
DRIFTSUTGIFTER						
Lønsutgifter	117 414	117 414	117 414	117 414	113 175	123 939
Sosiale utgifter	24 875	24 875	24 875	24 875	23 875	40 395
Kjøp av varer og tenester	42 359	42 359	42 359	42 359	28 949	69 068
Overføringer og tilskot til andre	20 168	20 168	20 168	20 168	30 067	18 304
Avskrivningar	10 500	10 500	10 500	10 500	8 800	10 486
SUM DRIFTSUTGIFTER	215 316	215 316	215 316	215 316	204 866	262 192
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	7 386	7 386	7 386	7 386	10 486	-14 453

FINANS						
Renteinntekter	2 241	2 241	2 241	2 241	2 241	3 495
Utbytte	8 400	8 400	8 400	8 400	8 400	8 633
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar						
Renteutgifter	2 038	2 038	2 038	2 038	2 038	4 778
Avdrag på lån	5 069	5 069	5 069	5 069	5 069	4 040
NETTO FINANSUTGIFTER	3 534	3 534	3 534	3 534	3 534	3 310
Motpost avskrivningar	10 500	10 500	10 500	10 500	8 800	10 486
NETTO DRIFTSRESULTAT	21 420	21 420	21 420	21 420	22 820	-657
DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT						
Overføring til investering	16 000	16 000	16 000	16 000	13 800	3 899
Avsetning til bunde fond	6 000	6 000	6 000	6 000	4 000	5 256
Bruk av bunde fond	-4 380	-4 380	-4 380	-4 380	-3 880	-5 499
Avsetning til disposisjonsfond	3 800	3 800	3 800	3 800	8 900	892
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	-5 205
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
SUM DISPONERING\ DEKNING AV NETTO DR.RES.	21 420	21 420	21 420	21 420	22 820	-657
MEIRFORBRUK/ MINDREFORBRUK	0	0	0	0	0	0

Stab og økonomi

Stab og økonomi har oppgaver som er støttefunksjonar for leiarar i kommunen, og oppgaver som er sjølvstendige og ikkje skal løysast i ein sektor. Tilsette i stab og økonomi har ein organisering kor personalansvaret er fordela utifrå oppgåvene dei har. Personalansvaret er fordela mellom kommunedirektør og kommunalsjef for stab og økonomi.

Hovudoppgåver

- Økonomi, budsjett, rekneskap og løn
- Post og arkiv
- Politisk sekretariat
- HR og personaladministrasjon
- Informasjon og sosiale media
- Telefon og sentralbord
- Busetting av flyktningar
- Introduksjonsprogram – norskopplæring
- Samarbeid med NAV og Barnevernstenesta i Vest Telemark
- Juridiske spørsmål
- Barnehagemynde
- Næringsarbeid

Ressursar i sektoren

Det er totalt sett 12 årsverk og eit nettobudsjett på kr. 26 millionar.

Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2026

Tekst	Utgift	Inntekt
Lønsoppgjer/prisvekst	550 000	
Driftsutgifter næring	250 000	
Parkeringsavgifter		-500 000
Flytte Barnevernstenesta frå kultur og oppvekst	5 370 000	
Vedlikehaldsfond Hamaren Aktivitetspark	300 000	
Totalt	6 470 000	-500 000

Helse og omsorg

Hovudoppgåver

Fyresdal kommune har eit lovpålagt ansvar for å sørge for helse – og omsorgstenester til innbyggjarar og dei som vitjar kommunen. Sektoren har eit aktivt fokus på å utvikle og forbetre helse – og omsorgstenestene til ein kvar tid og gjeld heile livsløpet.

Sektoren leverer ulike type tenester gjennom heile døgnet og gjennom heile året. Det krev at tenestene er robuste, fleksible og evnar å tilpasse seg dei endringane som skjer i samfunnet. Då er det avgjerande at tenestene vert tilpassa framtidas behov og krav.

Sektoren er dela inn i tre ulike avdelingar:

Fyresdal pleie og omsorgssenter (POS)

- Avdelingsleiar har ansvar for fag, økonomi og personale.
- Personaladministrasjon, kjøkken og vaskeri er lagt inn under denne avdelinga med ein fagleiar.

Avdeling helse

- Avdelingsleiar har ansvar for fag, økonomi og personale.
- Legekontor, legevakt, fysio/ergoterapitenesta, psykisk helse og rus, helsestasjon og skulehelsetenesta er lagt inn i denne avdelinga. Kommuneoverlegen er medisinsk fagleg ansvarleg.

Heimeteneste

- Avdelingsleiar har ansvar for fag, økonomi og personale.
- Heimetenesta består av heimesjukepleia, heimehjelp, hjelpemiddelteknikker og tiltak og tenester for funksjonshemma (TTF).
- Det er tilsett ein fagleiar i TTF.

I kommunalsjefen sin stab ligg tenestekontor, samt frivilligsentralen.

Fyresdal kommune er med i fleire interkommunale samarbeid blant anna: Rask psykisk helsehjelp, Psykologteneste, Kriesesenter, Jordmorsamarbeid og Simuleringssenter.

I 2024 kom reforma, “Bu trygt heime”, som kjem med nye satsingsområde som sektoren må arbeide med i økonomiplanperioden. Sektoren har delteke i ei rekke regionale og nasjonale utviklingsprosjekt, KS sitt Tørn prosjekt er avslutta. Vidare har vi fylgt alle regionale og nasjonale innføringsløp. Det er ressurskrevjande men vi ser at det er svært nyttig fordi vi får god draghjelp. Kjernejournal vart innført i 2024. VKP/ innbyggardialog er hausten 2025 kopla til profil. Signalanlegget er oppgradert på POS og nærliggande omsorgsbustader, med ei rekke velferdsteknologiske løysingar. Det er og installert elektronisk dørlås med tilgangstyring til

medisinrommet på POS. Vi er med i eit nasjonalt innføringsløp i høve til nytt EPJ- system. Digital heimeoppfølging(DHO) er i gang, både på avdeling helse og i heimetenesta.

Utfordringsbildet

Vi har framleis nokre uløyste problem rundt ressurskrevjande brukarar. Vi har etablerte eit midlertidig dagtilbod/ arbeidstilbod, der vi leiger lokal. Denne avtala er utvida til å gjelde ut juni 2026 for at ein skal få betre tid til å kartlegge eit meir permanent tilbod som kan nyttast av fleire. Fleire brukarar nyttar seg no av dette tilbodet. Det er framleis eit stort behov for avlastning for unge brukarar. Framtidsbiletet viser at vi dei neste åra vil få fleire brukarar som har behov for bu tiltak, arbeids-, aktivitets- eller dagtilbod. Vi bør kunne tilby ulike tilbod som er tilpassa ulik alder og funksjonsnivå og dette må sjåast på i helse og omsorgsplan

For å kunne møte framtidas utfordringar knytt til mangel på kompetanse må vi ha stort fokus på velferdsteknologi og digitale løysningar. Det trengs då fleire tilsette med kompetanse og kunnskap knytt til tilpassing, montering, opplæring og vedlikehald av teknologien. I dag har vi små ressursar knytt til både ergoterapeut og hjelpemiddelteknikar. Dette må prioriterast framover. Kommunen har som dei fleste andre rekrutteringsutfordringar. Det er iverksett ein rekke tiltak både i høve til å rekruttere og behalde. Men vi ser at vi ikkje kjem heilt i mål i høve til både fagarbeidarar og sjukepleiarar. Dette må jobbast med kontinuerleg og vi må sjå på nye og innovative løysningar. Sektoren treng og fleire assistentar og tilkallingsvikarar.

Mål

- Legge til rette for at flest mogleg kan bu i eigen/egna heim lengst mogleg
 - Alle med vedtak om tenester skal få spørsmålet; kva er viktig for deg?
 - Helse og omsorg skal etablere eigne team innan kvardagsmeistring og rehabilitering
- Gje behandlings- og diagnostiseringstilbod nærare brukarane der det er mogleg
 - Vi satsar på - og utviklar velferdsteknologiske løysingar
- Legge til rette for kompetansehevande tiltak som gjev utvikling og ny kunnskap som kan implementerast
 - Behalde og rekruttere ressurspersonar og kompetansen i kommunen
 - Helse og omsorg skal vurdere tilsetting av annan type fagkompetanse der det trengs. (eks ergoterapeut, hjelpemiddelteknikar)
- Kontinuerleg utvikling av kommunen si tenestetrapp/innsatstrapp, der vi legg til rette for førebygging i alle livsfasar
 - Heimebesøk for eldre over 75 år blir gjennomført frå hausten 2025.
 - Informasjon for å førebu innbyggjarar, brukarar, pårørande og tilsette om kva ein kan forvente seg av framtidige helse og omsorgstenester

- Informasjon om tiltak og tilrettelegging for å kunne bu lenger heime
- Helse og omsorgsplan 2026 – 2036 som støttar opp lokale og nasjonale føringar er under arbeid.
- Kommunen har etablert felles innsatstrapp for alle sektorar
- Vi skal ha fokus på å forbetre inntektene til kommunen -
 - Vi får inn rette inntekter/tilskot i sektoren

Ressursar i sektoren

Helse og omsorg har totalt sett 63 årsverk og eit nettobudsjett på kr 58 millionar.

Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2026

Tekst	Utgift	Inntekt
Lønsoppgjer/prisvekst	1 650 000	
Bilutgifter – overført plan og teknikk	-250 000	
Omstilling i sektoren	1 000 000	
Totalt	2 400 000	0

Eigenbetalingssatsar

Heimehjelp pr. måned	2024	2025	2026
< 2G	230,-*	240,-*	245,-*
2-3G	631,-	658,-	671,-
3-4G	1 014,-	1 058,-	1 080,-
4-5G	1 400,-	1 460,-	1 490,-
> 5G	1 788,-	1 865,-	1 902,-

Det skal vere same prosentvise auk på alle inntektsnivå som auk i*

Korttidsopphald på institusjon	2024	2025	2026
Pr. døgn	193,-*	200,-*	205,-*
Pr. dag/natt	110,-*	115,-*	115,-*

*= Dette er satsar som kommunen ikkje kan bestemme over sjølve jf. Forskrifter

Kaup av mat for heimebuande eldre	2024	2025	2026
Middag heimebuande eldre	100,-	110,-	110,-
Alle måltid pr. dag	160,-	175,-	175,-

Eigenbetaling tryggleiksalarm	2024	2025	2026
Eigenbetaling pr. måned	200,-	200,-	200,-

Betaling for tenester frå legekantoret fyljer fastlegetariffen.

Betaling for tenester for fysioterapi fyljer forskrift om stønad til dekning av utgifter til fysioterapi.

Kursdøgnpris for opphald på POS er budsjettera til kr 4 400,-.

Kultur og oppvekst

Hovudoppgåver

Sektoren er dela inn i tre ulike avdelingar:

- barnehage
- skule, kantine og SFO
- kulturarbeid, bibliotek, klubb og kulturskule

Under kommunalsjefen ligg vaksenopplæring, pedagogisk psykologisk teneste og logopedtenestar.

Utfordringsbilete

Sjukefråværet i sektoren er redusert, men skaper framleis store utfordringar når ein ikkje har andre å sette inn, dette både i ordinært- og fritidstilbodet.

Lovkrav og arbeidsmengde aukar i takt med større forventningar og gjev utfordringar i balanse utvikling, dagleg drift og gode tilbod. Det er ein krevjande sektor å både leie og arbeide i og endringsprosessar tek tid.

Hærverk er framleis ein tilbakevendande faktor i og utanfor skuletid. Kostnadar på øydeleggingar er store og gjer at ein i større grad vil ha fokus på økonomiske konsekvensar.

Stygg språkbruk aukar og lagar utrygge miljø for både liten og stor. Samtidig er også fråværet blant elevane stort. Dette må også sjåast i samanheng med læringsresultat.

Utviklingsbilete

Etterslepet til skulen er redusert og ein kan nå konsentrere seg meir om dagleg drift, utviklingsarbeid og kulturendring. Tiltaka viser at vi er på rett veg. Vi får fleire gode tilbakemeldingar, men har framleis ein veg å gå. Den må vi gå saman med, lærar, elev og foreldre.

I løpet av 2025 har oppvekst og helse fått på plass førebyggjande team- "Laget rundt barn, unge og deira familie." Dette er bygd opp med skulemiljøteam på skulen, der helsesjukepleiar og koordinator forebyggjande arbeid/SLT møter rektor, sosiallærar og spesial pedagogisk koordinator. Ein gong i månaden er dette utvida med oppvekst team der barnehage, klubbleiar, kommunepsykolog og PPT også møter. Vidare har ein eit koordinerande nivå med kommunalsjef på helse og omsorg og kultur og oppvekst, samt eksterne samarbeidspartar. Til slutt er det eit styrande nivå - politiråd, der ordførar, kommunedirektør, kommunalsjefar (helse og omsorg/kultur

og oppvekst) og kommuneoverlege og politi også er til stades. Laget rundt barnet skal hjelpe dei som treng det og ruste familiar og barn for framtida. Livsmeistring er eit sentralt omgrep.

I tillegg til tverrfaglege team, ny kompetanse og rutinar er arbeidet nå strukturert og systematisk og har fokus på eit heilskapleg trygt og godt miljø framover.

I 2024 fekk skulen midlar til skulemiljøteam for 3 år og oppretta ei skulemiljøstilling. Dette var ein av dei tre tiltaka som blei oppretta for å få til omstilling på skulen, i tillegg til IT-konsulent og utvida stilling som spesial koordinator. Desse tre tiltak skal gje elevar betre skulemiljø, skape større handlingsrom for leiinga og betre vilkår for tilsette. Vidare skal samarbeidet med ny PP-teneste og nye rutinar sette større fokus på førebyggjande arbeid på enkeltbarn- og systemnivå, gruppe- og klasseleiing, vaksenrolla og relasjonsbygging. Nye arbeidsmetodar skal legge til rette for interesse, læringsglede og igjen gje betre resultat og sikre vidare skulegang.

Ny nærversplan er på plass og viser korleis ein skal arbeide med fråvær, samt handlingsplanar for trygt og godt miljø i både barnehage og skule blant elevane framover. Fleire foreldre er i gang med foreldrerettleiing i samarbeid med barnehagen, skule og helse. Dette skal vidareutviklast framover.

Etterslepet i barnehagen er også redusert. Barnetalet har gått ytterlegare ned, men fleire små utgjer fleire plassar. Krav om tilstrekkeleg bemanning gjer at ein må bemanne noko opp. Det vil ein klare innafor eigne rammer. Utfordringane med å skaffe fagkompetanse løyser ein ved å utdanne eigne barnehagelærarar, gjennom tilskotsordning frå Staten.

Redusert foreldrebetaling blir dekt fullt ut over Statsbudsjettet og har heilårs effekt.

Biblioteket utviklar nye tiltak som småbarnstreff, lesestunder, barselstreff og lesesirkel. Biblioteket er nå ein ønska arena for å inkludere og tidleg stimulering av leseglede og språkutvikling.

Renovert kulturhus gjer at vi nå kan ta imot fleire arrangement i betre rammer.

Kulturavdelinga er ein stor del av dei mange påbegynte og etablerte prosjekta i kommunen, som omhandlar samfunns- og stads utvikling.

Klubben er gode på å skaffe eksterne midlar noko som aukar både aktiviteten og utstyr til kommunen.

Kulturskulen har færre elevar, men sjølv med få elevar og små ressursar har vi fleire ulike tilbod i kulturskulen.

Sektoren har arbeidd jamt med å skape gode arbeidsmiljø for tilsette og vil fortsette med dette.

Vi jobbar med å finne eit godt driftsnivå i sektoren og kunnskapen vi skaffar oss gjennom prosjekt og utvikling skal gje grunnlag for vidare utvikling. Vi held fram med å bygge ein robust sektor og fokusere utvikling inn mot samfunnsendingane som kjem både nasjonalt og lokalt.

Mål

Sektoren ynskjer å arbeide vidare med dei tre hovudmåla frå 2025, men i ei ny form.

Hovudmål og tiltak:

Bygge ein robust sektor og fokusere utvikling inn mot samfunnsendringane som kjem både nasjonalt og lokalt.

- Lage plan for ein trygg og god oppvekst
- Utvikle samarbeidet og heilskapleg tilbod i sektoren
- Ha fokus på utvikling og nye arbeidsmetodar
- Tettare samarbeid med næring og frivillige
- Legge til rette for medverknad, læring og dialog med barn, unge og foreldre

Ressursar i sektoren

Sektoren har totalt sett 53 årsverk og eit nettobudsjett på 46 millionar.

Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2026

Tekst	Utgift	Inntekt
Lønsoppgjer/prisvekst	1 350 000	
Omstilling skule	500 000	
Redusera foreldrebetaling barnehage		-450 000
Flytte barnevern til økonomi og stab	-5 370 000	
Totalt	-3 520 000	-450 000

Betalingssatsar

Barnehagen

Barnehagesatsane er regulert etter [Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar](#).

Eigenbetaling for barnehagen fylgjer maksimalsatsen vedteke av Stortinget.

Frå 01.08.2025 er maksimalgrensa for foreldrebetaling sett til kr 700,- per måned.

Det er to ulike moderasjonsordningar i barnehagen, b   avhengig av foreldra si samla brutto inntekt:

- Moderasjonsordning der foreldrebetaling for ein barnehageplass maksimalt skal utgjere 6 % av familien si samla person- og kapitalinntekt. Dette blir rekna ut individuelt.
Moderasjonsordningar, avhengig av foreldra si samla brutto inntekt, blir innvilga etter s  knad. Betalingssatsen vil av denne   rsak vere ulike for kvar og ein.
- Ordning med gratis kjernetid p   20 timar/veka for 2-, 3-, 4- og 5-  ringar i familiar med brutto inntekt mindre enn kr 669 050,-.

Skulefritidsordninga

Eigenbetaling for SFO er kr 35,- pr. time i skuleåret.

Maksimal pris i heile skulen sin sommarferie kr 3 000,-

Moderasjonsordningar, avhengig av foreldra si samla brutto inntekt, innvilgast etter søknad.

- Moderasjonsordning der foreldrebetaling for ein barnehageplass/SFO maksimalt skal utgjere 6 % av familien sin samla hushald, dersom:
 - a) maksimalgrensa for foreldrebetaling for eit år utgjør meir enn seks prosent av hushaldet si inntekter det siste året eller,
 - b) det er ei varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år som gjer at foreldrebetalinga for eit år utgjør meir enn 6 % av hushaldet si inntekt.
- 12 timar gratis SFO for elevar i 1., 2. og 3. klasse.
- Gratis SFO for elevar med særskilde behov på 5. til 7. trinn.

Syskenmoderasjon med 30 % reduksjon for andre barnet og 100 % reduksjon for tredje og påfølgjande barn. Gjeld både barn i barnehage og SFO.

Kulturskulen

Einundervisning	kr 3 100,-
Undervisning i grupper inntil 4 barn	kr 2 400,-
Undervisning i grupper frå 5 og fleire	kr 2 000,-
<i>Det blir gjeve 50 % syskenmoderasjon.</i>	

Kulturhuset:

Lokale	Døgn	Helg
Storsalen med kjøkken - private arrangement	2000,-	3000,-
Storsalen med kjøkken - lag/foreining	750,-	2000,-
Veslesalen med kjøkken - private arrangement	1000,-	2500,-
Veslesalen med kjøkken - lag/foreining	500,-	1200,-
Bare kjøkken - private arrangement	500,-	1500,-
Bare kjøkken - lag/foreining:	500,-	1000,-
Heile huset - private arrangement:	3000,-	4000,-
Heile huset - lag/foreining:	1500,-	2500,-

Gimle skule

Lokale	Private arrangement	Lag/ foreiningar
Kantine med kjøkken	1000,-	400,-
Kantine	1000,-	400,-
Kantine	1000,-	400,-
Sløydsal, tekstil, musikk	800,-	300,-
Klasserom	800,-	300,-

Symjehallen

Dagspris:	2024	2025	2026
Barn	10,-	10,-	10,-
Vaksne	30,-	30,-	30,-

Årskort:	Vaksne	Barn
Januar – desember	700,-	200,-

Plan og teknikk

Hovudoppgåver

Sektoren Plan og teknikk har ansvar for ei rekkje sentrale samfunnsfunksjonar og tenester som legg grunnlaget for utvikling, drift og tryggleik i Fyresdal kommune. Arbeidet omfattar både strategisk planlegging, teknisk drift, eigedomsforvaltning og beredskap.

Dei viktigaste oppgåvene er:

- Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av:
- Kommunale bygg og eigedommar
- Utleigebustader, både egne og innleigde
- Vatn- og avløpsanlegg med tilhøyrande leidningsnett
- Kommunale vegar, gang- og sykkelvegar, uteområde og park
- Prosjektansvar for kommunale byggje- og anleggsprosjekt
- Beredskap og førebyggjande arbeid mot brann og ulykker
- Reinhold i kommunale tenestebygg
- Oppmåling, planarbeid og byggesakshandsaming
- Landbruksforvaltning og skogbruk

Avdelingar og fagområde

Plan, oppmåling, skogbruk og landbruk

Avdelinga omfattar kommunalsjef og fleire tekniske støttefunksjonar innan områda geodata, planlegging, oppmåling, KOMTEK-system, bustadforvaltning, matrikkelføring m.m.

Ein sentral del av arbeidet er drift av skog- og landbrukskontora, samt fagansvar for forvaltning, drift, vedlikehald og vidareutvikling av kommunale vegar, park- og friluftsområde.

Avdelinga arbeider tett med både innbyggjarar, utbyggjarar og andre offentlege aktørar for å sikre berekraftig arealforvaltning og god samfunnsutvikling.

Bygg, eigedom og VA

Denne avdelinga har det overordna fagansvaret for drift, vedlikehald og utvikling av kommunale bygg og eigedommar.

Avdelinga har òg ansvar for kommunale vatn- og avløpsanlegg (VA), inkludert drift, reinvesteringar og planlegging av framtidige løysingar.

Eit viktig mål er å sikre høg driftstryggleik, god kvalitet på tenestene og berekraftig forvaltning av ressursane.

Reinhald

Reinholdsavdelinga har fagansvar for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av reinhaldsfunksjonane i kommunale bygg.

Avdelinga skal bidra til trygge, hygieniske og trivelege arbeids- og læringsmiljø, samt støtte kommunen sitt arbeid med klima og miljø gjennom bruk av miljøvennlege produkt og metodar.

Utfordringsbilete

Sektoren går inn i 2026 med eit solid fagleg og organisatorisk fundament. Dei fleste måla som vart sette for 2025 er anten nådde eller godt på veg, og fleire tiltak har allereie gitt merkbare forbetringar i kvalitet og effektivitet på tvers av fagområda.

Utvikling og større prosjekt

Planane knytt til datasenteret på Molandsmoen vil framleis vere styrande for mange av sektorens prioriteringar.

Infrastrukturarbeidet på Århusjordet er fullført, og området er klart for vidare bustadutvikling.

Kommunen er likevel i ein avventande fase med omsyn til datasenteret.

Dersom etableringa vert ein realitet i løpet av 2026, vil dette skape både store moglegheiter og komplekse utfordringar innan:

- bustadbygging og tilflytting
- oppgradering av vatn- og avløpskapasitet
- trafikktryggleik og infrastruktur
- beredskap og samfunnstryggleik
- ressurs- og kompetansebehov innan plan og byggesak

Ei slik etablering vil krevje rask opptrapping av kapasitet og tett samarbeid med eksterne aktørar, både når det gjeld planlegging, prosjektering og gjennomføring.

Dersom datasenteret ikkje vert realisert i 2026, vil sektoren vidareføre den ordinære drifta med vekt på kvalitet, kontinuitet og langsiktig utvikling. Fokusområda vil då vere:

- Vedlikehald og oppgradering av kommunale bygg
- Vidare bustadutvikling på Århusjordet
- Oppfølging av eksisterande planar og reguleringsarbeid

Reiseliv og offentlege område

Reiselivet i Fyresdal held fram med å vekse, og kommunen skal framleis vere ein rein, tilgjengeleg og triveleg stad å besøke.

Det blir særleg viktig å prioritere reine og funksjonelle toalettanlegg, god skilting og vedlikehald av offentlege område. Det skal framleis jobbast for at dei besøkande også skal bidra økonomisk til reiselivsatsinga i Fyresdal

Beredskap og tryggleik

Fyresdal kommune er framleis blant dei mest førebudde kommunane i regionen. Planverk, utstyr og rutinar er stadig oppdaterte, men dette krev kontinuerleg oppfølging. I 2026 vil sektoren bidra til å vidareutvikle beredskapsarbeidet, med særleg fokus på klimatilpassing, tryggleik i kritisk infrastruktur og samarbeid på tvers av sektorar. Me kan bli utfordra innan brannberedskapen i høve til krav som blir stilt om det vert etablert eit stort datasenter i kommunen. Både i høve til vakt og utstyrspark må ein kontinuerleg passe på at ein er godt nok rusta i høve til brannberedskap basert på eit deltidsbrannvesen.

Digital utvikling og geodata

Sektoren vil styrke arbeidet med geodata, digitalisering og modernisering av saksbehandling. Målet er å tilby meir effektive, brukarvennlege og transparente tenester til innbyggjarane. Dette omfattar oppdatering av digitale kart, betra datakvalitet i matrikkelen, og utvikling av digitale løysingar for byggesak, plan og eigedom. Det vil krevje eit tettare samarbeid med nabokommunar knytt til oppmåling og matrikkelføring da vår oppmålingsingeniør går av med pensjon og vil ikkje bli erstatta.

Mål for sektor:

- Gi fagleg solide og raske tilbakemeldingar til alle som tek kontakt med tenesta
- Sikre at den kommunale bygningsmassen blir halden i forsvarleg stand og ikkje forfell utover naturleg aldring
- Vidareføre godt vedlikehald og vidareutvikling av Hamaren-området
- Starte bygging av bustader på Århusjordet
- Setje i gang oppgradering av Skogtun og bygging av nye bustader på same tomt
- Ha eit oppdatert planregister og vedteken ny arealdel av kommuneplanen
- Vidareutvikle digitale løysingar og geodataforvaltning
- Sikre aktiv bruk og oppfølging av kommunens internkontrollsystem
- Utarbeide ein heilskapleg vedlikehaldsplan for kommunale bygg, med prioritering av kritiske tiltak
- Oppretthalde høg kvalitet i reinhaldstenesta og sikre gode arbeidsvilkår for tilsette
- Bidra til grøn omstilling gjennom energieffektive bygg og berekraftig arealbruk
- Nytte AI på ein måte som gjer tenestene betre på alle områder i sektoren.

Ressursar i sektoren

Sektoren har totalt sett 19 årsverk og eit nettobudsjett på kr 20 millionar

Økonomiske endringar i rammetildelinga for 2026

Tekst	Utgift	Inntekt
Lønsoppgjer/prisvekst	1 000 000	
Bilutgifter – overført frå helse og omsorg	250 000	
Brannvernssamarbeid – 01vakt	300 000	
Lokalt brannvesen – beredskap	200 000	
Miljøfyrtårnsertifisering	100 000	
Veterinærvakt – tilskot	350 000	
Auka straumprisar	1 000 000	
Auka vegvedlikehald	500 000	
Totalt	3 700 000	0

Betalingssatsar

Regulativet blir heimla i lokal forskrift om gebyr for reguleringsplanbehandling, bygge- og delesaksbehandling, oppmåling og eigarseksjonering. Paragrafane i regulativet er synkronisert med forskrifta.

§ 2-3. Gebyr for private innsendte planar	Sum (kr)
For tenester som skal fakturerast etter medgått tid	1 700,-
Oppstart, jf. pbl. § 12-8	
Mottatt planinitiativ	2 200,-
Oppstartsmøte	5 000,-
Trekt søknad	
Om planforslag blir trekt eller ved manglande oppfølging frå forslagsstillar skal vedkommande betale ein del av samla saksbehandlingsgebyr avhengig av kor langt kommunen har kome i arbeidet. Gebyret skal betalast for saker som blir avslutta etter påbyrja saksarbeid, men før førstegangsvedtak.	0-50 % sats av ordinært gebyr
Manglar	
Utsending av mangelbrev	550,-
Grunngebyr for behandling av planforslag, jf. pbl. § 12-10, § 12-11	
Inntil 10 tomter	25 000,-
Tillegg over 10 tomter, per tomt	2 000,-

Rabatt og tilleggsgebyr for behandling av private planforslag	
Rabatt dersom planforslag er i tråd med overordna plan	5 000,-
Tilleggsgebyr dersom planen krev temautgreiing	5 000,-
Planprogram og konsekvensutgreiing, jf. pbl. § 4-1, § 4-2 andre ledd og kap. 14	
Tilleggsgebyr for planar som krev planprogram	5 000,-
Tilleggsgebyr for planar som krev KU	10 000,-
Utfylling eller endring av planforslag, jf. pbl. § 12-14 andre ledd	
Mindre endringar	
Som bare krev endring i plankart	10 000,-
Som bare krev endring i føresegn	10 000,-
Som krev endring i plankart og føresegn	15 000,-
Endring som er å vurdere som ny sak etter § 12-8 blir gebyrlagt som om det er ei ny sak.	Som for ny plan

§ 3-5. Generelle gebyr etter plan og bygningslova	Sum (kr)
For tenester som skal fakturerast etter medgått tid	1 700,-
Manglar	
Utsending av mangelbrev	550,-
Førehandskonferanse etter pbl. § 21-1	
Førehandskonferanse	500,-
Andre tiltak	
Saksbehandling av fråvik frå tekniske krav, jf. pbl. § 31-2 fjerde ledd	1 100,-
<i>For kvart igangsetjingsløyve utover den første</i>	7 500,-
Endring av byggjeløyve	2 500,-
Mellombels bruksløyve	750,-
Godkjenning av ansvarsrett	850,-
Tilsyn i byggesak jf. Pbl § 25	1 100,-
Tilleggsgebyr for tiltak som krev løyve/samtykke/utsegn frå anna styresmakt (t.d. arbeidstilsynet, kulturminnestyresmakt, mv.), sjå pbl. § 21-5, og dessutan SAK10 § 6-2.	2 200,-

§ 3-6. Søknadspliktig tiltak med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl. § 20-3

Einebustad og fritidsbustad		Sum (kr)
Gebyra inkl. 1. igangsetjingsløyve og mellombels bruksløyve/ferdigattest		
Einebustad og fritidsbustad + garasje > 150 m2 Bygningstype 111–124, 161–163 + 181		11 800,-
Komplett søknad		
Rabatt dersom søknaden er komplett ved fyrste innsending		2 000,-
Rekkehus, fleirmannsbustad, kjedehus og andre småhus. Gebyr for kvar bueining. Bygningstype 131–136		8 900,-
Store bustadbygg. Gebyr for kvar bueining. Frå nr 5 blir det gjeve 50 % rabatt per bueining. Bygningstype 141–159		8 900,-
Tilleggsbygg som del av søknad (garasje, anneks, uthus e.l.) Bygningstype 111–172, 181–199		1 900,-
Tilleggsbygg i eigen søknad, anneks 25-50 m2 BYA, garasje, uthus 100-150 m2 BYA Bygningstype 181–199		4 900,-
Tilleggsbygg i eigen søknad, anneks < 25 m2 BYA, garasje, uthus < 100 m2 BYA Bygningstype 181–199		2 700,-
Til-, på- og underbygg, ombygging Bygningstype. 111–172, 181–199 > 100 m2		4 700,-
Til-, på- og underbygg, ombygging, Bygningstype. 111–172, 181–199 < 100 m2		2 700,-
Anna enn einebustad med krav til ansvarleg føretak	Sum (kr)	Sum (kr)
<i>Gebyra inkl. 1. igangsetjingsløyve og mellombels bruksløyve/ferdigattest</i>	<i>Under 500 m² BRA</i>	<i>Frå 500 m² BRA</i>
Fabrikk-/industribygg ol. Bygningstype: 211–219	11 800,-	28 500,-
Energiforsyningsbygg, bensinstasjon ol. Bygningstype: 221–229; 323	11 800,-	28 500,-
Lager-, landbruks-, parkeringsbygg ol. Bygningstype: 231–249; 421–439	5 800,-	8 800,-
Offentleg tilgjengelege publikumsbygg. Bygningstype: 311–322; 329–429; 441–449; 731–829	11 800,-	28 500,-
Hotell, motell, andre bygg for overnatting, servering. Bygningstype: 511–539	11 800,-	28 500,-
Undervisnings-, museums-, kyrkjebygg ol. Bygningstype: 611–649; 671–679; 830–840	11 800,-	28 500,-
Idrettsbygg ol. Bygningstype: 651–659	11 800,-	28 500,-
Kulturbygg mv. Bygningstype: 661–669	11 800,-	28 500,-

Andre tiltak med krav til ansvarleg føretak	Sum (kr)
Trafikk-/samferdselsanlegg (veg, parkering, brygger, molo etc.) etter pbl. § 20-3, jf. § 20-1 l	3 200,-
Vesentleg terrenginngrep, bygningstekniske installasjonar, andre bygg/konstruksjonar (mur, levegg, basseng, etc.) etter pbl. § 20-3, jf. § 20-1 c	3 200,-
Fasadeendring, skilt – reklame, innhegning mot veg, e.l. etter pbl. § 20-3, jf. § 20-1 h og i	3 200,-
Bruksendring eller vesentleg endring av tidlegare drift etter pbl. § 20-3, jf. § 20-1 d	3 200,-
Bruksendring til bustadformål	3 200,-
Bruksendring mv. til anna formål	3 200,-
Rivning etter pbl. § 20-3, jf. § 20-1 under 100 m ²	3 200,-
Rivning etter pbl. § 20-3, jf. § 20-1 e over 100 m ²	4 200,-
For rehabilitering av pipe, installasjon av trappeheis, etc.	0,-

§ 3-7. Søknadspliktig tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. pbl. § 20-4	Sum(kr)
Mindre tiltak på utbygd eigedom – jf. SAK10 § 3-1 a og b (eks. tilbygg <50 m ² , frittliggande garasje/uthus <70 m ² (BRA))	2 200,-
Mindre tiltak på utbygd eigedom – brygge, skilt/reklame, fasadeendring, mindre tiltak etter § 20-4 e) e.l.) <15 m ² tilbygg, nybygg	2 200,-
Alminnelege driftsbygningar i landbruket – jf. SAK10 § 3-2 (<1000 m ²)	2 200,-
Mellombelse (inntil 2 år) bygningar/konstruksjonar	2 200,-
Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvend innanfor ein brukseining, jf. SAK § 3-1 c	2 200,-
Rivning av mindre tiltak som nemnd i SAK10 § 3-1	2 200,-

§ 3-8. Behandling av søknader om dispensasjon, jf. pbl. kap. 19	Sum (kr)
Dispensasjon frå reguleringsplan	8 900,-
Dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel	9 900,-
Dispensasjonar som i tillegg krev høyring	13 000,-
Tillegg per dispensasjon utover den fyrste i same søknad	2 000,-

§ 3-9. Delingssøknad, jf. pbl. § 20-1 m	Sum (kr)
Deling i regulert område	3 200,-
Tillegg per eining over ei	1 100,-
Deling per eining utanfor regulert område (område sett av til bygningar og anlegg eller LNFR)	3 200,-

§ 4-5. Generelle gebyr etter matrikkellova	Sum (kr)
For tenester som skal fakturerast etter medgått tid, sjå § 4-4.	1 700,-
Utsending av matrikkelbrev	
Matrikkelbrev inntil 10 sider	200,-
Matrikkelbrev over 10 sider	400,-

§ 4-6. Oppretting av matrikkeleining	
4-6.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund	Sum (kr)
Areal frå 0–300 m ²	10 000,-
Areal frå 301-1000 m ²	18 000,-
Areal frå 1001-2000 m ²	21 000,-
Areal over 2000 m ² per påbegynt da	1 500,-
Der markarbeid ikkje er påkravd	8 000,-
4-6.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	Sum (kr)
Per sak uansett areal	4 000,-
4-6.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon	Sum (kr)
Oppmåling av uteareal per eigarseksjon, areal 0-2000m ²	12 000,-
Oppmåling av uteareal per eigarseksjon, areal over 2000m ² , auk pr påbegynt da	1 400,-

§ 4-7. Grensejustering; 4-7.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige	Sum (kr)
Inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde	1 400,-
For kvart nytt punkt eller 100 m grenselengde	150,-

§ 4-8. Arealoverføring; 4-8.1 Grunneigedom og festegrund	Sum (kr)
Areal frå 0–500 m ²	11 500,-
Areal frå 500–1000 m ²	12 500,-
Areal frå 1001-2000 m ²	13 500,-
Areal frå 2001-4000 m ²	15 500,-
Areal frå 4001-6000 m ²	17 500,-
Areal frå 6001-8000 m ²	19 500,-

Areal over 8000 m ² , fastpris	19 000,-
• + pr. 10 meter grenselengde 350-1000 m	+ 60,-
• + pr. 10 meter grenselengde over 1000 m	+ 40,-
Tilleggsgebyr i samband med arealoverføring for klarlegging av grense(r) som ikkje tidlegare er koordinatfesta	3 700,-

§ 4-9. Klarlegging av eksisterande grense og klarlegging av rettar	
4-9.1 Grensepåvising av tidlegare koordinatfesta grenser	Sum (kr)
For inntil to punkt	4 500,-
For overskytande grensepunkt, pr punkt	250,-
4-9.2 Klarlegging av grenser for heil grunneigedom eller festetomt opptil 8 daa som ikkje er koordinatfesta i tidlegare forretning	Sum (kr)
Areal frå 0-4000 m ²	10 000,-
Areal frå 4001-8000 m ²	1 700,- pr. time
4-9.3 Klarlegging av grenser som tidlegare ikkje er koordinatbestemt	Sum (kr)
For inntil to punkt	5 500,-
For overskytande grensepunkt, pr. punkt inntil 8 punkt	500,-
For overskytande grensepunkt pr. punkt frå 9 punkt	350,-
4-9.4 Klarlegging av rettar	Sum (kr)
Fakturerast etter medgått tid jf. §§ 4-4 og 4-5	1 700,- pr. time

§ 5-2. Gebyr etter eigarseksjoneringslova	
Eigarseksjonering, nybygg og eksisterande bygg	Sum (kr)
Sak utan synfaring, til og med 4 seksjonar, nybygg	5 500,-
Sak utan synfaring, til og med 4 seksjonar, eksisterande bygg	7 500,-
Sak utan synfaring, utover 4 seksjonar, per seksjon	600,-
Oppheve seksjonar	2 500,-
Synfaring	1 500,-
Eigarseksjonering, reseksjonering	Sum (kr)
Sak utan synfaring, til og med 4 seksjonar	7 500,-
Sak utan synfaring, utover 4 seksjonar, per seksjon	600,-
Synfaring	1 700,-

Gebyr forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn	
	Sum (kr)
Saksbehandling – utsleppsløyve – anlegg 0 – 50 p.e.	4 000,-
Saksbehandling – utsleppsløyve – anlegg over 50 p.e.	13 200,-
Tilsyn – anlegg 0 – 50 p.e.	6 000,-
Tilsyn – anlegg over 50 p.e.	20 500,-

Gebyr etter jordlov og konsesjonslov	
	Sum (kr)
Delingssaker §12, forskrift om gebyr jord og skogbruk	1 700,-
Saker etter både jordlova § 12 og PBL §§ 20-1 og 26-1	3 400,-
Konsesjon for ubebyggt eigedom under 100 da	2 600,-
Annan konsesjon	5 000,-

Ordinære utleigebustader	2024	2025	2026
Tøddebakkane 26– bustad	7 500,-	7 900,-	8 300,-
Tøddebakkane 28– hybel	4 400,-	4 600,-	4 900,-
Tøddebakkane 16 – bustad	9 000,-	9 500,-	10 000,-
Prærien 7 - leilegheit	6 000,-	6 300,-	6 600,-
Prærien 9 - leilegheit	6 000,-	6 300,-	6 600,-
Prærien 6	7 500,-	7 900,-	8 300,-
Prærien 8	7 500,-	7 900,-	8 300,-
Prærien 12	7 500,-	7 900,-	8 300,-
Foldsævegen 26	7 500,-	7 900,-	8 300,-
Landstadvegen 20	9 000,-	9 500,-	10 000,-
Fyresdalsvegen 1676 - leilegheit	3 750,-	4 000,-	4 200,-
Tøddelia 5 - leilegheita	8 900,-	9 300,-	9 800,-
Tøddelia 11 – leilegheita	11 000,-	11 500,-	12 000,-
Grunnvik 1A	12 000,-	12 500,-	13 100,-
Grunnvik 1B	12 000,-	12 500,-	13 100,-
Skogtun – to leiligheter		5 500,-	5 700,-

Omsorgsbustader	2024	2025	2026
Prærien 23 – 3 leilegheit	7 300,-	7 600,-	7 900,-
Prærien 46	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Prærien 48	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Prærien 50	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Prærien 52	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Prærien 54	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Prærien 56	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Prærien 58	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Prærien 10A	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Prærien 10B	6 300,-	6 600,-	6 900,-

Prærien 11A	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Prærien 11B	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Prærien 15	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Prærien 17	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Tøddebakkane 34	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Tøddebakkane 36	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Libakkane 2	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Libakkane 4	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Tøddekroken 1A-D (fire leilegheiter)	6 300,-	6 600,-	6 900,-
Tøddekroken 2	6 300,-	6 600,-	6 900,-

Gebyr vatn	2024	2025	2026
Abonnementsgebyr bustad	4 645,-	4 800,-	4 858
Abonnementsgebyr fritidseigedom	4 645,-	4 800,-	4 858
Abonnementsgebyr næringsbygg/offentlege bygg	4 645,-	4 800,-	4 858
Forbruksgebyr pr. m ³	13,-	14,-	14,20
Stipulert forbruk u/vassmålar – bustad – 200 m ³	13,-	14,-	14,20
Stipulert forbruk u/vassmålar – fritidsbustad – 100 m ³	13,-	14,-	14,20
Tilkoplingsgebyr – store anlegg pr.m ²	150,-	150,-	150,-
Gebyr tilkopling	27 000,-	27 000,-	27 000,-

Gebyr kloakk	2024	2025	2026
Abonnementsgebyr bustad	7 540,-	7 540,-	6 937,-
Abonnementsgebyr fritidseigedom	7 540,-	7 540,-	6 937,-
Abonnementsgebyr næringsbygg/offentlege bygg	7 540,-	7 540,-	6 937,-
Årsgebyr pr. m ³	20,-	20,-	18,40
Stipulert forbruk u/vassmålar – bustad – 200 m ³	20,-	20,-	18,40
Stipulert forbruk u/vassmålar – fritidsbustad – 100 m ³	20,-	20,-	18,40
Tilkoplingsgebyr – store anlegg pr.m ²	150,-	150,-	150,-
Gebyr tilkopling	27 000,-	27 000,-	27 000,-

Slamtømmingsgebyr	2024	2025	2026
Slam med tank større/lik 4 m ³ , pr. tømming	2 995,-	2 995,-	2 755,-
Slam med tank mindre enn 4 m ³ , pr. tømming	2 995,-	2 995,-	2 755,-
Tett tank større/lik 4 m ³ , pr. tømming	2 995,-	2 995,-	2 755,-
Tett tank mindre enn 4 m ³ , pr. tømming	2 995,-	2 995,-	2 755,-
Større tank pr. m ³ pr. år	550,-	550,-	506,-

Årsgebyr renovasjon	2024	2025	2026
----------------------------	-------------	-------------	-------------

Standard abonnement bustad	3 125,-	3 500,-	3 500,-
Standard abonnement med heimekompostering	2 344,-	2 625,-	2 625,-
Miniabonnement	2 188,-	2 450,-	2 450,-
Standard hytteabonnement	3 125,-	3 500,-	3 500,-
Utleigehyblar med kjøkken	3 125,-	3 500,-	3 500,-

Feiegebyr	2024	2025	2026
Ordinær feie-/tilsynsgebyr	475,-	500,-	500,-
Gebyr utover fyrste pipa på same hus, (feing)	475,-	500,-	500,-
Feiegebyr for feing utover feierute, pr feing	675,-	700,-	700,-

SJØLVKOST 2026					
	Vatn	Kloakk	Slam	Renovasjon	Feing
Direkte driftsutgifter	1 846 000	2 200 000	675 000	4 895 000	810 000
Indirekte driftsutgifter	155 000	155 000	20 000	33 000	20 000
Kalkulatorisk rente	315 000	506 000			
Kalkulatoriske avskrivninger	492 000	838 200			
Andre inntekter	-250 000	-250 000			
Gebyrgrunnlag	2 558 000	3 449 200	695 000	4 928 000	830 000
Gebyrinntekter	-2 945 360	-3 969 760	-670 880	-4 956 000	-875 000
Årets finansielle resultat	-387 360	-520 560	24 120	-28 000	-45 000
Avsatt til sjølvkostfond					
Avsatt neste år					
Dekning av framførbart underskot	387 360	520 560		28 000	45 000
Bruk av sjølvkostfond			24 120		
Framførbart underskot					
Resultat sjølvkost	387 360	520 560	24 120	28 00	45 000
Prosentvis sjølvkost	115,1 %	115,1 %	96,5 %	100,6 %	105,4 %
Årsgebyr u. mva	6 694	9 232	2 396	2 800	500
Årsgebyr inkl. mva	7 698	10 617	2 755	3 500	500
Prosentvis auke i gebyr	10 %	0 %	0 %	0 %	0 %
Vekta antall abb.	440	430	280	1 770	1 750
Saldo sjølvkostfond 01.01.25	0	0	185 023	0	0
Framførbart underskot	1 197 945	802 407	0	330 178	77 133

Investeringar

INVESTERINGAR					
UTGIFTER	2026	2027	2028	2029	SUM
Avdrag startlån	400	500	600	700	2 200
Startlån	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
Eigenkapitalinnskott KLP	500	500	500	500	2 000
Bustader	25 000	25 000	25 000	13 500	88 500
Kommunale vegar	1 850				1 850
Kommunale bilar	1 200	1 200			2 400
Digitalisering	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Hestesportsenter					
Friluftsbad					
Rullepark					
Ambulansestasjon					
SUM	35 950	34 200	33 100	21 700	124 950

INNTEKTER	2026	2027	2028	2029	SUM
Avdrag startlån	400	500	600	700	2 200
Tilskott					
Mva-kompensasjon	350				350
Bruk av fond					
Overført frå drift	16 000	16 000	16 000	16 000	64 000
Startlån	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
Lån	14 200	12 700	11 500		38 400
SUM	35 950	34 200	33 100	21 700	124 950

I tillegg er det avsett seks millionar til næringsarbeid og to millionar til småinvesteringar gjennom året

Kommunale vegar:

Fleire av dei kommunale vegane har i dag ein dårleg standard og det trengs ei oppgradering både av vegstandard og grøfter. Dette vil også betre beredskapen ved store nedbørsmengder og flaumtilstander. Arbeidet vart starta i 2025 og vil halde fram i 2026 slik at standarden blir vesentleg heva i løpet av desse to åra.

Kommunale bilar:

Det er behov for utskifting av fleire bilar, spesielt i heimetenesta. I tråd med innkjøpsreglementet vil ein nå gå til innkjøp av køyretøy med ikkje fossilbart brennstoff.

Bustader:

I samband med nyetablering på Molandsmoen ser ein at det vil vere stort behov for nye bustader.

På Århusjordet er nå infrastrukturen ferdig opparbeid med veg, vann, kloakk og straum og ein kan starte oppføring av nye bustader. I løpet av 2026 vil ein prioritere leilegheitsbygga som ligg i nord austre delen av planen. I tillegg vil ein bygge om Skogtun til fleire leilegheiter og utnytte denne tomte med fleire leilegheita.

Digitalisering:

Som ein del av omstrukturering av drift ynskjer ein å ta i bruk digitale løysingar som kan vere med å effektivisere arbeidsoppgåver der ein kan. Dette kan vere alt frå elektronisk overvaking, kunstig intelligens og velferdsteknologi. Dette er eit kontinuerleg arbeid i åra framover.

Gjeldsoversikt

Inng.saldo 01.01.2026	Rentesats	Avdrag 26	Renter 26	Innfrielsesdato
179 379	5,00 %	19 000	8 494	01.04.2033
487 500	5,00 %	75 000	22 500	01.05.2032
425 000	5,00 %	50 000	20 000	01.05.2034
1 025 000	5,00 %	50 000	50 000	01.05.2046
1 200 000	5,00 %	50 000	58 750	01.12.2049
1 350 000	5,00 %	60 000	66 000	01.11.2050
1 633 326	5,00 %	66 668	80 000	01.04.2050
2 850 000	5,00 %	100 000	140 000	01.03.2054
3 933 333	5,00 %	133 334	193 333	01.03.2055
4 833 290	5,00 %	333 320	233 332	01.07.2040
15 000 000	5,00 %	1 000 000	725 000	20.06.2040
4 000 000	5,00 %	400 000	190 000	09.06.2035
10 625 000	4,90 %	312 500	512 969	23.12.2060
1 820 000	5,00 %	130 000	87 750	23.12.2040
3 459 960	5,00 %	216 250	167 592	31.12.2041
3 150 000	5,00 %	87 500	155 313	31.12.2061
2 384 980	5,00 %	88 340	117 041	15.09.2052
2 850 000	5,00 %	75 000	140 625	01.12.2063
3 600 000	5,00 %	400 000	170 000	01.12.2035
5 425 000	5,00 %	175 000	266 875	09.12.2057
6 320 000	5,00 %	197 500	311 063	20.12.2058
2 268 750	5,00 %	68 750	111 719	31.12.2058
5 504 822	5,00 %	211 725	269 948	15.09.2051
3 432 185	5,00 %	183 052	167 033	08.08.2044
87 757 525		4 482 939	4 265 334	